

## Rammeplan for barnehagen

Dette dokumentet gir ein kort oversikt over Rammeplan for barnehagen, saman med nokre tankar om korleis de kan kople bøker til både fagområda og barnehagen sitt formål og innhald. Det gjeld ikkje nødvendigvis å finne bøker som passar perfekt inn i eit fagområde, men å vise fram moglegheitene som er der, og kanskje korleis same bok kan vere relevant i fleire settingar.

Rammeplanen er styringsdokumentet for barnehagane i landet, og tek opp barnehagens verdigrunnlag, ansvar og rollar, formål og innhald, samarbeid, barns medverknad osv. Særleg interessant i denne samanheng er barnehagens fagområd og formål og innhald. Rammeplanen har ni fagområder. Dei to mest sentrale der er «Kommunikasjon, språk og tekst» og «Kunst, kultur og kreativitet». «Kommunikasjon, språk og tekst» er litteratur direkte relevant i arbeidet med språkutvikling, medan bøker og litteratur på området «Kunst, kultur og kreativitet» er veldig sentralt fordi det handlar om boka som estetisk opplevingar der bilde fortel historia. Vidare kan bøker vere utgangspunkt for verkstader for skaping og leik der fantasi og kreativitet får utløp.

### «Kunst, kultur og kreativitet»

Litteratur er eit av fleire kunst- og kulturuttrykk som skal inngå i barnehage sitt verke. I rammeplanen står det at barn skal få opplevingar med kunst og kultur som kan leggje grunnlag for tilhøyrslø, deltaking og eige skapande arbeid. I arbeide med fagområdet skal personalet stimulere barnas nysgjerrigheit, utvide forståinga deira og bidra til undring, utprøving og eksperimentering (Rammeplan s 50-51).

Barnehagen skal m.a. bidra til at barna:

- har tilgang til ting, rom og materiale som støttar opp om dei leikande og estetiske uttrykksformene
- møter eit mangfald av kunstnariske og kulturelle uttrykksformer og utforskar og deltek i kunst- og kulturopplevingar saman med andre

Personalet skal:

- gi rom for, støtte og styrkje barnas bearbeiding av møte med kunst og kultur

### «Kommunikasjon, språk og tekst»

«I barnehagen skal barna møte ulike språk, språkformer og dialekter gjennom rim, regler, songar, litteratur og tekstar frå notid og fortid. [...] I barnehagen skal barna få erfare ulike måtar å formidle tekstar og forteljingar på, som kjelde til estetiske opplevingar, kunnskap, refleksjon og møte med språk og kultur» (Rammeplan s. 48).

Barnehagen skal bidra til at barna:

- møter eit mangfald av eventyr og forteljingar
- opplever spenning og glede ved høgtlesing, forteljing, song og samtale
- utforskar og gjer seg erfaringar med ulike skriftspråklege uttrykk, til dømes leikeskrift, teikning og bokstavar, gjennom lese- og skriveaktivitetar

I tillegg skal personalet:

- bruke varierte formidlingsformer og tilby eit mangfald av bøker, songar, bilete og uttrykksformer
- inkludere alle barna i språkstimulerande aktivitetar (Rammeplan s. 48-49)

På dei sju andre fagområda er litteratur også relevant. Dei er:

- **Kropp, bevegelse, mat og helse** – både skjønnlitterære- og faktabøker som tematiserer kropp og mat, kropp, bevegelse og sansar og kokebøker kan vere relevante.
- **Natur, miljø og teknologi** – på dette området finnes det mykje god litteratur, og særleg mykje faktabøker, å ta av. Her er m.a. bøker dyr, friluftsliv, berekraft og livssyklus relevant.
- **Antall, rom og form** – bøker som oppmoder til å telle, tematiserer form og storleik er særleg relevant, t.d. Jakob og Neikob, Geitekillingen som kunne telle til ti
- **Etikk, religion og filosofi** – det finnes ein flust av skjønnlitterære bøker som kan fungere som utgangspunkt for å snakke om både etikk, religion og filosofi, t.d. kva er rett og galt? osv.
- **Nærmiljø og samfunn** – litteratur fungerer som speil og som vindu, som lesar kan ein reise både langt til det som er heilt ukjent, men også kort til det som er meir kvardagsleg og kjent. Det er ein fin måte å lære om andre samfunn og kulturar, men også sin eigen kultur.

## Barnehagens formål og innhold

**Barnas behov for omsorg** – litteratur kan bli brukt til å bearbeide vanskelege følelsar. Veldig mange barnebøker tematiserar kjensler, konflikhtar eller dramatiske hendingar i barns liv. Det å aktivt bruke litteraturen for samtale og bearbeiding er å gi omsorg.

**Leiken** – leik og forteljingar liknar kvarandre i den forstand at begge gir høve til å gå inn og ut av fiksjonen. Slik sett er det trening i å kunne skilje mellom den virkelege verda og den fiktive verda. Forteljingar stimularar leiken, fantasien, nysgjerrigheita og kreativitet.

**Danning** – litteraturen gir innsikt og kunnskap om det emosjonelle og om identitetsutvikling, samt at faktabøker gir meir kunnskap om og kjennskap til verda.

**Læring** – faktabøker gir eit enormt godt utgangspunkt for læring.

**Vennskap og fellesskap** – veldig mykje litteratur for aldersgruppa i barnehagen handlar om sosialtrening, det å vere ein del av eit fellesskap, og om konflikhtar som oppstår mellom barn og korleis dei blir løyst. Dette kan gi læring i sosialt samspel, og vere med på å bygge vennskap. Aktiviteten høgtlesing byggjar fellesskap gjennom å vere felles opplevingar.

**Kommunikasjon og språk** – forskning viser at bøker ein veldig god måte å fremje god språkutvikling på. Med bruk av bøker utviklar barna også eit større ordforråd enn når ein berre brukar det munnlege språket. Forskarar reknar med at dette har samanheng med at bøker opererer med eit større ordforråd. Dialogen som oppstår i samband med høgtlesing er bra for språkutviklinga, og bøker gir også betre tekstforståing.

